

Program 1: Kulturell innhausting og Kulturelt vårslepp

Haustinga foregår på den kommunale eldredagen. " Sankarlaget" vil vera eldre og unge, og det dei haustar er kulturelle ytringar frå profesjonelle, i form av foredrag/tale/kåseri-musikk/teater/kabaret- husorkester. Ein samlar målgruppa i eit stort lokale og samarbeider med institusjonar og frivillige om praktisk tilrettelegging.

Det bur om lag 1800 menneske i kommunen. 100-150 deltakarar pr arrangement indikerer at det er stor oppslutnad i målgruppa om tiltaket.

Det kulturelle vårsleppet er organisert om lag på same måte som den kulturelle innhaustinga.

Program 2 Kulturkaféen

Kafeen vert halden kvar månad , er lagt til Masfjorden sjukeheim og er spesielt innretta mot dei som nyttar dagtilbod, korttidstilbod og langtidstilbod. Ein vil særskilt peika på verdien desse tilskippingane har hatt for dei som bur på demensavdelinga. Kulturkaféen er etter kvart etablert som ein fin møtestad mellom bebuarar og slekt, naboar og vener. Praktisk tilrettelegging vert gjort av frivillige. Ein ønskjer å kunne tilby profesjonell kulturformidling på tre kaféar haust og tre kaféar vår.

Støtte til lokale tiltak

Det vert gjort mykje godt arbeid i frivillige organisasjonar, som td pensjonistlag og helselag. Samarbeid med kommunale tensester som kulturskule, folkebiblioteket og heimetenesta er vel etablert og fungerer svært godt. Døme på tilskippingar er føremiddagstrekk for heimebuande pensjonistar i dei ulike delane av kommunen, språkkafé, seniorsamlingar og pensjonisttreff. Ein ønskjer å kunne gi arrangørane økonomisk støtte til finansiering av profesjonelle kulturformidlarar. Dette skjer på arrangørane sine premissar.

Slik vil vi vidareutvikla ordninga

Vi har lagt til rette for mange arenaer for kulturopplevingar. Ei vidareutvikling vil vera å nytta høve til å presentera fleire kulturuttrykk i tillegg til det vi alt veit fungerer godt. Dette føreset at vi er i stand til å nytta oss av ulike tilbod som til ei kvar tid er tilgjengelege. Difor søker me om rammer til arbeidet framfor stønad til konkrete prosjekt.

Av di vi veit at dette kan oppfattast som noko «laust» legg vi vekt på ei konkret, grundig og detaljert rapportering.

Kommentarar til budsjett – kommunal medverknad

Det er ikkje billettinntekter på desse tilskippingane. Ein har til no teke ei eigenbetaling på Kulturell innhausting og kulturelt vårslepp som skulle dekkja leigekostnader til ikkje-kommunale bygg, transport og matsservering.

I alle tre tiltaka er det kommunal medverknad i form av praktisk tilrettelegging. Lønnskostnader og andre utgifter dette medfører er ikkje estimert her.